

Høyringsbrev – Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring 2025-2028

Høyring

Høyringsdokumentet: Skolevise tabellar 2025-2028

Som vedlegg til høyringsbrevet, ligg dokumentet «Skolevise tabellar 2025-2028». Dette er Kompetanse- og næringsdirektøren sitt forslag til Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i skoleåra 2025/2026, 2026/2027 og 2027/2028. Tidsperioden er 3 år, men rulleringa vil framleis skje kvart år. Hovudpoenget med saka er kva tilbod som skal vere tilgjengeleg å søke på ved dei enkelte skolane. Kapasiteten ved den enkelte skole er også vurdert. Kompetanse- og næringsdirektøren vil kunne justere kapasiteten i samråd med skolane når søkartala er klar i mars.

Høyringssvar og frist

Fristen for å svare på høyringa er 13. september 2024.

Du kan svare på høyringa her: <https://dialog.mrfylke.no/dialogue/MRFK-42>

Politisk handsaming

- 25.oktober - Ferdig sak
- ?.november Ungdomspanelet
- 4.november - Yrkesopplæringsnemnda
- 11.november - Kompetanse- og næringsutvalet

Delstrategi for kompetanse. Tilbod i vidaregåande opplæring 2025-2028

I september 2024 skal etter planen «Delstrategi for kompetanse: Tilbod i vidaregåande opplæring 2025-2028» opp til politisk behandling. I delstrategien blir det vedteke overordna prinsipp som er førande for kva som skal vektleggast når «Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring 2025-2028»(denne saka) skal opp til behandling i november 2024. Delstrategien blir vedteken for heile 4-års perioden, medan tilbudsstrukturen som tidlegare skal rullerast årleg.

Oppsummering

Hovudsaka for denne høyringa er å kommentere og gje tilbakemeldingar på forslag til tilbudsstruktur for perioden 2025-2028. Strukturen er presentert i vedlegget med skolevise tabellar for perioden. Ein kan også gje tilbakemeldingar på vurderingar som er gjort i høyringsbrevet. Vi har i eit eige kapittel lagt fram nokre vurderingar som gjeld elevtal i klassene. Skolane bør passe på å sjekke både klassetal og elevtal når dei skal svare på høyringa. Nokre stadar er elevtalet justert opp utan at dette er direkte klarert med skolane, medan andre stadar kan det vere at skolane sjølve ser at det går an å auke elevtalet. Dette vil kunne betre økonomien for skolen og også bidra til eit lågare klassetal totalt sett.

Det har kome inn fire søknader om å starte opp nye tilbod. Det er gjort nokre korte punktvisse vurderingar for kvar dei, men det er så langt ikkje teke stilling til om dei skal opprettast eller ikkje. Ingen av desse er lagt inn i tabellane. Følgjande søknader er registrerte:

1. Hustadvika vgs – Vg2 Maritime fag(matros)
2. Haram vgs – YSK-Helsefag

3. Ørsta vgs – Vg2 Anleggsteknikk
4. Kristiansund vgs(BYGGOPP) – Vg2 Klima, energi og miljøteknikk

Vidare i høyringsbrevet er det foreslått ein del føringar og prinsipp som er lagt til grunn for tilbodsstrukturen og som kjem til uttrykk i dei skolevise tabellane. Dette handlar om ting som kombinasjon av utdanningsprogram, fordeling av programområde med meir. Dei tilboda som er foreslått teke ut av tilbodsstrukturen er lista opp på slutten av høyringsbrevet.

Det er sett eit særleg fokus på dei tre utdanningsprogramma Naturbruk, Elektro og Teknologi- og industrifag. Dei to komande skoleåra vil elevtalet ligge på eit nivå som truleg er noko for høgt med tanke på samfunnsbehova. Ein vil difor ikkje legge opp til ein auke av tilbodet i takt med auka søking, men heller prøve å nærme seg det nivået som er vedteke for dagens nivå mot slutten av perioden.

Ein må vere merksame på at det truleg er i skoleåret 2025/2026 at ein samla sett for fylket vil nå ein topp med elevtal i vidaregåande opplæring, og at det deretter vil gå nedover i dei komande åra. Av omsyn til skolane og fylkeskommunen sin økonomi er det eit siktemål at ein innanfor rammene av vedteken skolestruktur skal halde talet på klasser så lavt som mogleg, men at alle søkarar skal få eit tilbod som er i samsvar med deira rettar.

I Fylkestinget sak 33/24 «Strategi og rammer for økonomiplan 2025-2028», vart det vedteke at det skal forberedast eit større omstillingsarbeid og som ein del av dette utgreie ny skole- og tilbodsstruktur. Dersom det i den samanhengen skulle kome vedtak om endringar skolestrukturen, vil sjølvstundt kunne ha stor innverknad på endeleg innstilling i denne saka. Organisering og framdrift for struktursak er enno ikkje klarlagt.


Forventa elevtalsutvikling

Elevtal i grunnskolen


Elevtala frå grunnskolens informasjonssystem (GSI) er per 1. oktober i skoleåret. Det er elevar ved inngangen til skoleåret og ikkje avgangselevar. Det er tatt omsyn til endringane i kommunereforma og regionreforma. Følgande skoleregionar er brukt:

- Nordmøre: Kristiansund, Averøy, Smøla, Aure, Tingvoll, Sunndal og Surnadal
- Romsdal: Molde, Hustadvika, Gjemnes, Aukra, Vestnes og Rauma
- Nordre Sunnmøre: Ålesund, Giske, Sula, Fjord, Stranda, Sykkylven og Haram
- Søre Sunnmøre: Ørsta, Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Volda og Vanylven

Figur 1: Framskriving av elevar som startar på vg1 rett frå ungdomsskolen om ein legg elevtalet på grunnskolen for skoleåret 2023/2024 til grunn. Kjelde: Udir/Grunnskolens informasjonssystem.



Figur 2: Framskriving av tal personar som fyller 16 år, opp mot dei som fyller 67 år. Kjelde: SSB si befolkningsframskriving



Tabell 1: Framskriving av elevar som startar på vg1 rett frå ungdomsskolen om ein legg elevtalet på grunnskolen for skoleåret 2023/2024 til grunn. Kjelde: Udir/Grunnskolens informasjonssystem

Skoleregion	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030	2030/2031	2031/2032	2032/2033	2033/2034
Nordmøre	611	613	627	570	565	532	524	543	507	496
Romsdal	844	840	789	809	831	800	721	749	759	697
Nordre Sunnmøre	1339	1402	1288	1325	1279	1292	1240	1226	1277	1223
Søre Sunnmøre	584	618	554	542	543	504	484	486	459	497
Møre og Romsdal	3378	3473	3258	3246	3218	3128	2969	3004	3002	2913

Folketalet i Møre og Romsdal er ikkje stabilt, verken samla sett eller for aldersgruppa som er relevant for vidaregåande opplæring. Statistikken over viser at vi forventar ei auke i elevgruppa i åra som kjem fram mot 2025/2026, men etter det har vi ein reduksjon i elevtalet til vg1. Låge tall til vg1 i påfølgande år har også store konsekvensar for elevtalet i den vidaregåande skolen. Skoleåret 2033/2034 forventar vi 450 færre elevar på vg1. Framskrivninga frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at ikkje berre blir det færre 16-åringar og elevar, men det blir fleire pensjonistar som går ut av arbeidslivet. Den reduserte arbeidsstyrken har konsekvensar for dimensjonering av dei vidaregåande tilboda. Det får konsekvensar for kva som kan opprettast, kor dei geografisk bør plasserast, samt størrelsen av tilboda.

Elevtalsutviklinga sett opp mot det store kompetansebehovet i arbeidslivet i fylket betyr at informasjon om kompetansebehovet framover blir viktig. Det må gjerast prioriteringar på kva utdanningar som er viktigast for arbeidslivet vårt, og kor desse bør ligge.

Tabell2: Søkarar til Vg1 med U-rett per 1. mars i året, oppimot elevtalet frå grunnskolen per 1.oktober førre år

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Tal elevar i 10.klasse	3460	3409	3219	3297	3381	3277	3196	3342	3378
Søkarar til Vg1	3747	3643	3462	3656	3806	3671	3563	3714	3809
Dekningsgrad	108 %	107 %	108 %	111 %	113 %	112 %	111 %	111 %	113 %

Dekningsgraden viser kor stor del av søkarane som søkar til Vg1 oppimot elevtalet i grunnskolen. SSB tabell 11964 viser at Møre og Romsdal har landets høgaste direkte overgang frå grunnskolen til vidaregåande opplæring på 97,6 %. Dekningsgrad på over 100 % kan for eksempel bety at det er fleire søkarar til Vg1 en det tala frå grunnskolen tilsei. Dette kan være elevar som har gjort omval, repetisjon, eller hatt eit friår. Innvandrarar som ikkje kjem med i grunnskole tala vil også være inkluderte her. I tillegg til dette, blir dei som blir tatt inn til tilrettelagt opplæring tatt inn til Vg1 kvart skoleår.

Prognoser for elevtal i vidaregåande opplæring

Elevtalsutviklinga sett opp mot det store kompetansebehovet i arbeidslivet i fylket betyr at vi må disponere elevane våre godt framover. Det må gjerast prioriteringar på kva utdanningar som er viktigast for arbeidslivet vårt og kor desse skal ligge.

I dimensjoneringa av det vidaregåande tilbodet til Møre og Romsdal fylkeskommune må ein gjere vurderingar om framtida. Det vil vere usikkerheit knytt til elevtala. I denne saka finst ei elevtalsutvikling basert på grunnskolens informasjonssystem (GSI). Fylkeskommunen har også eigne framskrivningar av elevtal, men desse er ikkje lagt ved denne saka.

Ei utfordring i dimensjoneringsarbeidet har vore usikkerheit ikring talet på flyktingar. Ein veit ikkje om dei kjem, kor mange, eller om dei blir verande. I 2022 vart det busett 147 flyktingar i alderen 16 – 19 år i Møre og Romsdal. Tilsvarende tall i 2023 var 172. Det er knytt stor usikkerheit i strategiperioda grunna moglege flyktingstraumar framover. Det er sannsynleg at fleire av desse blir

elevar i vidaregåande opplæring. Som eksempel vil 150 elevar ekstra, generere behov for om lag 10 ekstra yrkesfagklasser.

Elevframskrivingane viser at vi vil få ein auke i elevtalet også for skoleåret 2025/2026. Elevtal i grunnskolen viser at auken er estimert til om lag 100 elevar, men på grunn av usikre tal knytt til innvandring, omval, repetisjon og ny opplæringslov er det vanskeleg å gi eit nøyaktig estimat. Det vil bli lagt fram meir grundige vurderingar om dette når den politiske saka skal behandlast.

[Her finn du meir statistikk på regionnivå: Elevframskrivingar, kompetansebehov, søkarar til vg1, søkarar til fagopplæring og befolkningsframskrivingar.](#)

Ny opplæringslov

I juli 2023 vedtok Stortinget ny opplæringslov. Ny forskrift vart vedtatt 3. juni 2024. Begge skal gjelde frå august 2024.

Den nye lova inneber store endringar når det gjeld elevane sine rettar. Retten til vidaregåande opplæring blir utvida til å gjelde fram til oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Dette er ei endring frå i dag kor elevane har rett på 3 år fulltids opplæring.

Det vert fri rett til omval fram til eleven er 19 år, i motsetning til i dag kor elevane har rett til eitt omval. Dei som ikkje har brukt retten til omval før dei er 19 år, har rett til eitt omval seinare.

Elevar kan etter ny lov velje opplæring for vaksne frå det året dei fyller 19 år. Dette kan bety at det er elevar som etter gjeldande lov får tilbod i ordinær vidaregåande som kanskje vel tilbod retta mot vaksne i staden.

Retten til inntak på eitt av tre alternative utdanningsprogram blir vidareført i ny lov. Samtidig står det i § 5-3 at Fylkeskommunen i planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet skal legge stor vekt på kva kompetanse samfunnet treng. Vi må derfor vere tøffe i våre prioriteringar når det gjeld kva tilbod vi skal ha i Møre og Romsdal.

Korleis ny opplæringslov vil påverke søkartala og dimensjoneringa av tilboda framover er vanskeleg å seie noko om no. Men det vil vere viktig at Fylkeskommunen får stort nok handlingsrom til å justere kapasiteten på skolane i tråd med ny lov; altså ta vare på både ungdommane sine ønsker og behova i arbeidslivet.

Søknader om nye tilbod frå og med skoleåret 2025/2026

Søknader om nye tilbod er lagt ved høyringa. Her følgjer ei oversikt og ei kort og punktvis vurdering av søknadane. Kompetanse- og næringsdirektøren har i høyringa ikkje teke stilling til om dei skal opprettast eller ikkje. Dette vil først skje ved behandlinga av saka i november. Dei nye tilboda er difor heller ikkje lagt inn i dei skolevise tabellane(Vedlegg).

Hustadvika vgs- Vg2 Maritime fag(Matros)

Vg2 Maritime fag (Matros)

- Søknad frå Hustadvika vgs datert 04.02.2024
 - Uttale frå marint kompetansesenter v/Holm
 - Uttale frå Fjord1

I vedteken tilbudsstruktur for 2024-2027 ligg det følgjande dimensjonering for vg2 maritime fag:

- Kristiansund vgs – $3 \times 15 = 45$ (I 2023/2024: 2 klasser matros og 1 klasse skipsmotormekaniker)
- Ålesund vgs – $5 \times 15 = 75$ (I 2023/2024: 2 klasser matros og 3 klasser skipsmotormekaniker)
- Herøy vgs – $3 \times 14 = 42$ (I 2023/2024: 2 klasser matros og 1 klasse skipsmotormekaniker)

For skoleåret 2024/2025 er det i kapasitetsjusteringa i tillegg oppretta ei klasse ekstra ved Kristiansund vgs.

VURDERING

- Slik søkesituasjonen er no, treng fylket totalt fleire Vg2 plassar for TIF og Maritime fag er eit populært programområde. Det må likevel vurderast om det er behov for å etablere fleire plassar utover dei 162(177) vi har i dag både med tanke på tilgang på læreplassar og det er rett balanse i høve til andre tilbod. Om 2-3 år står også fylket framfor starten på ein nedgang i elevtalet. Dette talar for å utnytte eksisterande kapasitet betre framfor å opprette ny.
- Tilbodet er ikkje tilgjengeleg ved andre skolar i inntaksregionen.
- Erfaringar frå skolane som har tilbodet i dag viser at det er ressurskrevjande å etablere nødvendig sertifisering og å halde dette ved like. Det må vurderast om dette er for krevjande for Hustadvika vgs på bakgrunn av at dette berre gjeld ei klasse. Skolen peikar sjølve på at dei har høg kompetanse i eige personale for å få gjennomført sertifiseringa.
- Det er gode moglegheiter for samkøyring og betre kapasitetsutnytting av skolen sitt nye anlegg for naturbruk i Harøysundet.
- Etter skolen si vurdering, trengst det ikkje å gjerast investeringar i bygg og utstyr utover det skolen sjølv kan ta over eige driftsbudsjett.
- Etablering av tilbodet vil ikkje gå ut over skolen sin kapasitet for TIF Vg1 klasser (3 stk).
- Når det gjelder bruk av skolen sin båt Tiro, som det er vist til i søknaden, har skolen retta dette til følgjande: «Tiro utgår i all yrkesrettet opplæring - også sjøvettaktiviteter og navigering. Dette ble avklart av sjøfart etter påske, altså først etter at vi hadde søkt om matrostilbudet». Undervisning i samarbeid med eksterne rederier vektlegges derfor mer fram til dette er ordnet (utplassering). Når vårt nye fartøy leveres, kan dette nyttes i sambruk med fiske og fangst»
- Samanlikna med nabofylka våre har vi eit tilbod som er svært godt både i omfang og tilgjengelegheit over heile fylket.
- Opplæringskontoret for maritime fag har sendt signal om at det talet på elevplassar for maritime fag ikkje bør aukast utover dagens nivå.

Haram vgs- YSK-Helsefag

- Søker utviding frå 12-14 til 18-20 elevar totalt (Har frå før TIP og EL)
- Ikkje ekstra kostnader for FK på grunn av samkøyring med eksisterande YSK-klasse (Same klasseressurs)

VURDERING:

- Positivt med tanke på lokal rekruttering av helsepersonell
- KON-direktøren har tidlegare vore skeptisk til etablering av YSK-tilbod fordi dette foregår i små klasser med høg kostnad pr elev. Det har og vore ei bekymring for at desse elevane tek

opp lære plassar for elevar som skal bli fagarbeidarar. Dei fleste som går YSK held fram med høgare utdanning.

- I dette tilfellet kan det vere gunstig økonomisk fordi ein får tatt elevane inn i ei eksisterande klasse, men tilbodet kan også vere attraktivt for fleire skolar slik at ein må samtidig vurdere om dette er ønskjeleg som standard for heile fylket.

Ørsta vgs – Vg2 Anleggsteknikk

- Søknad om å få opprette Vg2-tilbodet Anleggsteknikk. Programområdet ligg under utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk, men er også kryssløp frå Vg1 Teknologi- og industrifag.
- Frå før er det Romsdal vgs(12 plassar) og Borgund vgs(24 plassar) som har tilbodet.

VURDERING

Skolen har dei seinaste åra hatt mange ekstra klasser på Vg1 TIF og BA og det kan dermed vere grunnlag for fleire tilbod på Vg2.

- Dette programområdet er ikkje teke med i dimensjoneringsgrunnlaget for nytt skolebygg og konsekvensar bør difor vurderast.
- Eventuelle investeringsbehov for bygg og utstyr og/eller eventuelt leigeutgifter må kartleggast. Skolen vurderer at det er mogleg med stor grad av sambruk av verkstad og utstyr for Vg2 Arbeidsmaskiner.
- Det må kvalitetssikrast at næringa stiller opp med maskiner osv for gjennomføring av praktisk opplæring og at det er tilstrekkeleg tilgang på lære plassar utan at dette går ut over eksisterande tilbod.

Kristiansund vgs/BYGGOPP- Vg2 Klima, energi og miljøteknikk(KEM)

KEM (Klima, energi og miljøteknikk) fører fram til følgjande fag

- Isolatørfaget
- Tak- og membrantekkarfaget
- Ventilasjons- og blekkslagarfaget

Opplæringskontoret for byggfag forslår at vi skal opprette ei halv klasse Vg2 KEM i kombinasjon med Vg2 røyrleggar ved Kristiansund vgs.

VURDERING

- Før Fagfornyinga hadde Kristiansund vgs tilbod om KEM, som den gongen, i tillegg til ventilasjon, blekkslagar og takteking, også inkluderte røyrleggarfaget. Då røyrleggarfaget vart skilt ut som eige programområde vart dette oppretthalde ved Kristiansund vgs medan det nye KEM-tilbodet vart etablert ved Romsdal vgs. Det har vore så dårleg søknad til programområdet ved Romsdal vgs at ein no foreslår å ta det ut av tilbodet.
- Opplæringskontoret vurderer at det er behov for arbeidskraft i dei aktuelle faga.
- På bakgrunn av den lave søkinga som har vore til Vg2 røyrleggar ved Kristiansund vgs og til KEM ved Romsdal vgs, er det vurdert å vere liten sjanse for å lykkast med søkinga til ein kombinasjon av desse to tilboda.

Eksterende tilbud og ordningar som blir vurdert i saka

Stranda/Tingvoll – kombinasjon Idrettsfag(ID) og Studiespesialisering(ST)

Stranda og Tingvoll vgs – To utdanningsprogram, Idrettsfag og Studiespesialisering i same klasse

For både Tingvoll vgs og Stranda vgs har dei to utdanningsprogramma, Studiespesialisering og Idrettsfag vore avgjerande. Utan desse er det vanskeleg å sjå for seg vidare drift ved nokon av skolane. For skoleåret 2024/2025 såg talet på primærskolar med ungdomsrett slik ut:

Tingvoll vgs

Nivå	Kursnavn	Søkere	
1	Idrettsfag	19	
1	Studiespesialisering	1	
2	Idrettsfag	6	
2	Realfag	6	
2	Språk, samfunnsfag og økonomi	5	
3	Idrettsfag	12	
Totalt	Studiesp. Og Idrettsfag	49	65 %
Totalt	Andre tilbud	26	35 %
Totalt	Alle tilbud	75	100 %

Stranda vgs

Nivå	Kursnavn	Søkere	
1	Idrettsfag	4	
1	Studiespesialisering	15	
2	Idrettsfag	24	
2	Realfag	1	
2	Språk, samfunnsfag og økonomi	9	
3	Idrettsfag	16	
3	Realfag	3	
3	Språk, samfunnsfag og økonomi	11	
Totalt	Studiesp. Og Idrettsfag	83	74 %
Totalt	Andre tilbud	29	26 %
Totalt	Alle tilbud	112	100 %

Normale klassestørrelser for klasser med studieførebudende tilbud er 30 elevar (Noko mindre(27-28), dersom skolen ikkje har tilgang på rom som er store nok). Sjølv om det vil vere årlege variasjonar i søkinga, er det vanskeleg å sjå for seg at ein kan fylle heile klasser for begge desse utdanningsprogramma ved nokon av dei to skolane. Den mest nærliggande løysinga vert då at ein ser desse to utdanningsprogramma i samanheng både når ein dimensjonerer tilbudet ved skolane, når ein kapasitetsjusterer inntaket og ved tildeling av budsjett. Ein vil då kunne setje i gang tilbud med felles klasse for dei to utdanningsprogramma utan at dei oppfyller krav til tal på søkarar kvar for seg. Dette skal då samla sett også berre utløyse éin klasseressurs slik at dette ikkje vil utgjere ein ekstra kostnad for fylkeskommunen.

Ei viktig innvending mot ei slik ordning, er at utdanningsprogramma har ulike programfag og må elevane må difor i stor grad få undervisning i delt klasse i desse faga. Dette behovet er minst for Vg1 og aukar i omfang for kvart nivå. Konsekvensen er at det med berre ein klasseressurs for to utdanningsprogram inneber ei viss underfinansiering, og då minst for Vg1 og mest for Vg3. Den nye budsjettmodellen gjev også ein lik grunnressurs til både store og små skolar. Sidan dette er dei to minste skolane våre, er det vurdert slik at grunnressursen likevel gir dei nødvendig økonomisk handlingsrom til å greie seg med ein klasseressurs samla for slike kombiklasser.

Kompetanse- og næringsdirektøren har bedt Statsforvaltaren om å gjere ei vurdering av om ei slik ordning er forsvarleg med tanke på å oppfylle elevane sine rettar i samsvar med opplæringslov og læreplan.

Det er også planlagt å legge fram sak til Kon-utvalet i september 2024 om utviklingsplan for dei to skolane som kan ha betydning for korleis ein vurderer tilbodsstrukturen.

Ålesund/Spjelkavik/Haram- ST med internasjonalisering

I skoleåret 2024/2025 er det tre skolar som har tilbodet «studiespesialisering med fokus på internasjonalisering». Dei tre skolane, Haram vgs, Spjelkavik vgs og Ålesund vgs ligg alle i same inntaksområde. Dette er ikkje eit eige utdanningsprogram, men ein variant av utdanningsprogrammet «studiespesialisering». På grunn av at tilbodet er så likt, er det enkelt å kombinere klasser med internasjonalisering saman med ordinær studiespesialisering. Dersom ein skole ikkje har nok søkarar til ei full klasse med internasjonalisering kan dei fylle opp med elevar som har søkt ordinær studiespesialisering. Då vil heller ikkje dette tilbodet bli dyrare.

Grunnen til at ein likevel har valt å ta opp dette tilbodet til vurdering, er at det er krevjande i samband med inntaket å forhalda seg til fleire oppdelingar innan same utdanningsprogram. Det vil for eksempel på Vg2 vere fire ulike val: Ordinær studiespesialisering med samfunnsfag/språk eller realfag og studiespesialisering med internasjonalisering med samfunnsfag/språk eller realfag. For at dette skal bli rett i inntaket må ein berekne nøyaktig tal på tilgjengelege plassar for kvart av alternativa slik at desse til saman utgjer ei eller fleire klassar utan at nokon blir ståande utan plass på eitt alternativ medan det kan vere ledige plassar på andre.

Skolane som har dette tilbodet meiner det kan vere med og gjere det meir attraktivt for elevane å velje studiespesialisering. I ein situasjon slik vi har no der vi har hatt ein i overkant stor dreining i søkinga frå studieførebuande til yrkesfag i kan eit alternativ til ordinær studiespesialisering virke positivt for søkinga til utdanningsprogrammet. Det er i tillegg vurdert at slike tilbod bidreg til å styrke dei fylkeskommunale skolane i konkurransen med private skolar. Det generer også mykje positivt samarbeid med bedrifter, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Det har vore drøfta om ein kunne lette problematikken rundt inntaket med at alle elevane som søker studiespesialisering kan søke på ordinær studiespesialisering og så at skolane sjølve fordeler elevane på ulike variantar som internasjonalisering, forskarlinje mm. i etterkant. Hovudinnvendinga mot dette er at skolane kjem for seint i gang med førebuingar til skoleåret, team-organisering, bestilling av reiser osv.

Studiespesialisering med internasjonalisering har i år vore dårleg søkt ved alle dei tre skolane og talet på primærsøkjjarar utgjer ikkje meir enn ei klasse samla på dei tre skolane. Det er vurdert at vi må gjere dette noko meir tid men følgje med på korleis søkinga utviklar seg før ein eventuelt innstiller på endringar i tilbodet. Det er også eit vesentleg moment i vurderinga at det ikkje generer ekstra kostnader sjølv om ein ikkje fyller opp klassene. Ei eventuell avvikling for ein eller fleire av skolane vil

krevje noko tid og gå over fleire år fordi det er inngått forpliktande avtalar både med bedrifter og Erasmus-programmet.

Programområde med halve klasser

Møre og Romsdal har ein desentralisert struktur for den vidaregåande opplæringa, der ein ønskjer å gje elevane eit tilbod nært der dei bur. Utfordringa blir då relativt små skolar og eit ikkje så breitt utval med utdanningsprogram og fag som ein vil få ved ein større skole. Eitt av dei utdanningsprogramma som har stått sterkast ved distriktsskolane er Helse og oppvekstfag. Det typiske omfanget er då éi vg1-klasse. Samtidig har det gjerne vore eit ønske å tilby både Vg2 helsearbeidarfag og Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag. Problemet er då at ein med éi Vg1-klasse ikkje har nok elevar til å rekruttere til to klasser på Vg2. Dette har ein gjerne løyst med å kombinere ei halv klasse frå kvart programområde. Dette er vurdert å ikkje vere ei særleg god løysing fordi det er ulike programfag på dei to tilboda og ein må enten undervise i ulike programfag i same klasse eller dele i svært små klasser, med 7-8 elevar i kvar.

I framlegget til ny tilbodsstruktur for 2025-2028 er det difor lagt inn berre eitt programområde på Vg2 når det berre er éi klasse på Vg1. For helse- og oppvekstfag har ein då valt å prioritere helsearbeidarfag, då dette er det det er vurdert å vere størst behov for rekruttering til av dei to. Dette er i samsvar med «Delstrategi for kompetanse, tilbod i vgo 2025-2028» som legg vekt på ta omsyn til samfunnet sitt behov for kompetanse. Ein negativ konsekvensen er at nokre færre skolar vil tilby barne- og ungdomsarbeidarfag, men det vil framleis vere tilgjengeleg i alle inntaksregionane.

Vi har tidlegare også hatt liknande kombinasjonar for andre utdanningsprogram. I gjeldande tilbodsstruktur har ein på utdanningsprogrammet Informasjonsteknologi og medieproduksjon berre éi vg1-klasse, men likevel to programområde å velje mellom på vg2, Medieproduksjon og Informasjonsteknologi. For skoleåret 2024/2025 er det berre vg2 Medieproduksjon som fekk nok søkarar til å starte opp. Det er så langt lite tilgang på læreplassar for dei som har gått Medieproduksjon, så det talar for å velje Informasjonsteknologi dersom ein skulle behalde berre eitt av programområda. Ein kan også argumentere for å behalde Medieproduksjon ved Ålesund vgs fordi dette er einaste tilbodet i fylket. Sidan tilbodet om Medieproduksjon er nystarta, er det ikkje forslått endringar no.

Atlanten vgs – Musikk, dans og drama(MDD)

Kompetanse- og næringsdirektøren har hatt dialog med skolen om dette tilbodet. Det er få elevar på vg2 Dans, noko som betyr liten klasse med ledige plassar. Det er viktig for skolen og regionen Nordmøre å oppretthald tilbodet innan musikk og dans på alle nivå ved Atlanten vgs. Det næraste tilbodet til vg 2 Dans er Ålesund vgs.

Atlanten vgs greier å gi elevane på vg2 Dans god opplæring med dei økonomiske rammene som blir gitt. Det er tett samarbeid i opplæringa og i den utøvande delen av musikk og dans mellom vg1, vg2 og vg3. Skolen peiker på at det er det totale talet på elevar innan musikk og dans som er avgjerande for å gi et godt og robust tilbod, og om eit årskull fell bort vil det ha betydning for tilbodet ved skolen.

Slik søkinga har vore dei seinaste åra, er det lav oppfyllingsrad på alle nivå og kan bli eit utdanningsprogram som er økonomisk krevjande for skolen og fylkeskommunen å halde i gang.

Kristiansund vgs og Volda vgs- Kombinasjon Kunst, design og arkitektur(KDA) og Medium og kommunikasjon(MK)

I Møre og Romsdal er det to skolar som har tilbodet medium og kommunikasjon (MK); Kristiansund vgs. og Volda vgs. På begge desse skolane har tilbodet blitt sett saman med tilbodet Kunst, design og arkitektur (KDA). Skolane har hatt ein halv klasse KDA og ein halv klasse MK på alle nivå.

Kristiansund vgs

Søkartala til MK, på alle nivå, har gått ned frå 2018. I 2018 var det 27 søkarar til vg1 MK, i år var det 5.

Ved Kristiansund vgs. vart det i KON-utvalet sak 30/24 vedtatt at MK ikkje skal vere eit tilbod skoleåret 2024/2025, både på vg1, vg2 og vg3. På bakgrunn av lave søkartal dei siste 4 åra og etter samtale med skolen tar vi tilbodet ut frå strukturen frå og med skoleåret 2025/2026.

Volda vgs

For Volda vgs sin del vart det i den same saka, etter kompetanse- og næringsdirektøren si innstilling, vedteke at tilbodet med kombinert klasse for KDA og MK skulle oppretthaldast for skoleåret 2024/2025, men vurderast på nytt i samband med skoleåret 2025/2026 og blir med dette eit tema i denne saka.

Talet på primærskolar til Vg1 MK har dei fire siste åra variert frå 6-12 elevar og for KDA frå 19-27. Skolen har hatt ønske om å halde fram med dei to utdanningsprogramma kombinert i ei klasse fordi dei ser på det som ei moglegheit til å oppretthalde begge utdanningsprogramma og særleg MK-tilbodet som har vore dårlegast søkt av dei to. Det er også lagt vekt på samanhengen med medieutdanninga og fagmiljøet på Høgskulen i skolen si vurdering.

Slik søkinga ser ut no, er det mest realistiske alternativet til ei kombinert klasse, ei heil klasse med KDA og at MK-tilbodet vert lagt ned. Vi vil i så fall ikkje lenger tilby dette utdanningsprogrammet i Møre og Romsdal.

Kombinasjonen med MK og KDA har dei same utfordringane som er beskrevet tidlegare i utgreiinga at dei har ulike programfag og difor må delast i to klasser i programfagundervisninga. Det er dermed knytt høgare kostnader til å drifte ei kombinert klasse enn ei ordinær. Skolen har difor lagt til grunn at dei må ha tilført meir midlar enn ein ordinær klasseressurs for å drifte ei slik klasse.

Kompetanse- og næringsdirektøren stiller seg positiv til at skolen kan halde fram med begge utdanningsprogramma så lenge det er tilstrekkeleg søknad, men at vi likebehandlar dei skolane som har desse særordningane. Slik at Volda vgs på same måte som Tingvoll vgs og Stranda vgs vil få tilført éin klasseressurs på same måte som ved ei ordinær klasse og må prioritere dette innanfor eigne rammer.

Norm for tal på elevar i klassene

Møre og Romsdal fylkeskommune har dei siste 15 åra hatt ein uttalt praksis på at norm for elevtal i klassene skal vere 15 elevar for yrkesfag og 30 elevar for studieførebuande tilbod. Vi ser likevel at det stadig er svært ulik praksis mellom skolane og at klassestørrelsane kan variere frå 12-15 elevar på yrkesfag og frå 25-30 på studieførebuande. For dei studieførebuande klassene er variasjonane gjerne knytt til storleiken på klasseromma. Gjeldande norm for storleik på klasserom til 30 elevar ved

nybygg, har dei seinare åra vore 70m². Mange av skolane våre har klasserom på ca 60m², og eit elevtal på 27-28 elevar har då vore ein standard.

For yrkesfaga ser vi at praksisen er langt meir sprikande og det har gjerne blitt slik at skolar med nybygde verkstadar har dimensjonert desse for 15 elevar og at skolar med eldre bygg held på gamle klassestørrelsar på 12 eller 14. Det er likevel ikkje slik at eldre verkstadlokale nødvendigvis har mindre plass pr elev enn dei meir nybygde. I kapasitetsjusteringane i år har vi erfart at mange av skolane har vurdert å kunne auke talet på elevar i fleire av yrkesfagklassane. Dette har vore til stor hjelp for oss med å kunne gi fleire elevar tilbod om sine førsteønsker samstundes som vi held talet på klassar nede totalt sett i fylket. Det er og med og styrker skolane sin økonomi med fleire elevar pr klasse.

Vi ber om skolane brukar dette høvet til å gå gjennom sine elevtal i klassene og då med det utgangspunktet at norm for yrkesfag skal vere 15 elevar i klassene. Dersom ein skal avvike i frå dette bør det vere ein særleg grunn til det. For nokre skolar har vi allereie lagt inn endringar gjerne basert på det vi har gjort i kapasitetsjusteringane i haust.

Vurdering av total kapasitet for Naturbruk, Teknologi- og industrifag og Elektro og datateknologi

Opplæringslova § 3-1 6. ledd seier at søkarar har rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på, og til to års vidaregåande opplæring innanfor utdanningsprogrammet. Dette er vidareført i ny opplæringslov § 5-1 6. ledd som skal gjelde frå august 2024.

Dei siste åra har det vore ein auke i søkinga til yrkesfag, og vi ser at mange søker dei tre utdanningsprogramma Naturbruk, Teknologi- og industrifag og Elektro og datateknologi. Søkarar som har søkt desse tre utdanningsprogramma har rett på eit tilbod på eitt av dei. Dette betyr at vi ikkje kan plassere desse søkarane på utdanningsprogram med ledig kapasitet, men må opprette ekstra klasser på godt søkte tilbod.

Elektro og datateknologi

For Elektro og datateknologi har det før inntaket for skoleåret 2024/2025 vorte oppretta 4 ekstra Vg1-klasser i høve til vedteken tilbodsstruktur. Tre av desse klassene er på Nordre Sunnmøre, Borgund vgs og Sykkylven vgs og i tillegg ei klasse ved Kristiansund vgs. Dette vil igjen skape eit tilsvarande behov for ekstra vg2-klasser i skoleåret 2025/2026. Næringa har signalisert behov for arbeidskraft, men dei har truleg ikkje kapasitet til å ta inn lærlingar noko særleg ut over dagens nivå. Det vil difor i den komande perioden ikkje bli lagt inn fleire Vg1-klasser utover det som ligg i dagens struktur. Ekstra klasser vil bli opprett berre dersom ein er nøydd til det for å oppfylle lovfesta elevrettar slik som for skoleåret 2024/2025.

Naturbruk

For Naturbruk er det framleis stor oversøking til alle dei «blå» tilboda i fylket. Sidan vi er bunde av avtalar med næringa og at talet på læreplassar ikkje er i samsvar med søkinga, er det ikkje funne rom for auke kapasiteten ut over det som er vedteken tilbodsstruktur for desse skolane. Det er heller ikkje lagt opp til ein auke for komande 3-års periode.

Teknologi- og industrifag(TIF)

Også for Teknologi og industrifag har vi av omsyn til elevrettar, som gjort greie for ovanfor, måtte oppretta heile 8 Vg1-klasser ekstra for skoleåret 2024/2025. Det betyr at ein også vil måtte auke

omfanget av Vg2-klasser i det påfølgande skoleåret, 2025/2026. Det vil også i neste omgang føre til hardare konkurranse om læreplassane og kanskje er det ikkje mange nok til alle?

Mange av dei som går TIF Vg1 ønskjer å gå vidare på Vg2 Maritime fag. For skoleåret 2024/2025 har vi sett oss nøydde til å opprette ei klasse ekstra ved Kristiansund vgs. Opplæringskontoret for maritime fag meiner at vi bør halde omfanget på dagens nivå og er skeptiske til ein slik auke, medan vi ser at Opplæringskontoret for marine fag støttar Hustadvika vgs sin søknad om å starte opp eit nytt tilbod. Den ekstra klassa for 2024/2025 kjem til å bli ståande og kanskje må vi også ha med den for 2025/2026? Det er grunn til å tru at rett nivå for det totale TIF-tilbodet i fylket er om lag slik det ligg i vedteken tilbodsstruktur og at ein bør ha som målsetjing å vere tilbake på om lag same nivå ved utgangen av den perioden vi no skal gjere vedtak om(2025-2028).

Tilbod som er foreslått tatt ut av tilbodsstrukturen

Frå og med skoleåret 2024/2025 blir to tilbod flytta frå Borgund vgs. til Spjelkavik vgs. Dette gjeld påbygging til generell studiekompetanse (Pb3) og Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse (Pb4). Sidan dette vart bestemt etter søknadsfristen gjekk ut 1. mars 2024 er alle søkarane som har søkt tilbodet skoleåret 2024/2025 informert om flyttinga.

Følgjande tilbod er foreslått tatt ut av tilbodsstrukturen:

Haram vgs.:

- Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag

Kristiansund vgs.:

- Vg1, vg2 og vg3 Medium og kommunikasjon

Romsdal vgs.:

- Vg2 Klima, energi og miljø
- Vg2 Treteknikk

Stranda vgs.:

- Vg1 Restaurant og matfag
- Vg2 Matproduksjon

Sunndal vgs.:

- Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag

Surnadal vgs.:

- Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag

Sykkylven vgs.:

- Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag

Tingvoll vgs.:

- Vg2 Treteknikk

Ørsta vgs.:

- Vg2 treteknikk

MK Kristiansund vgs:

I Møre og Romsdal er det to skolar som har tilbodet Medium og kommunikasjon (MK); Kristiansund vgs. og Volda vgs. På begge desse skolane har tilbodet blitt sett saman med tilbodet Kunst, design og arkitektur (KDA). Skolane har hatt ein halv klasse KDA og ein halv klasse MK på alle nivå.

Søkartala til MK, på alle nivå, har gått ned frå 2018. I 2018 var det 27 søkarar til vg1 MK, i år var det 5.

Ved Kristiansund vgs. vart det i KON-utvalet sak 30/24 vedtatt at MK ikkje skal vere eit tilbod skoleåret 2024/2025, både på vg1, vg2 og vg3. På bakgrunn av lave søkartal dei siste 4 åra og etter samtale med skolen tar vi tilbodet ut frå strukturen frå og med skoleåret 2025/2026.

Vg2 Treteknikk

I sak UDK 5/14 vart det vedtatt at nye tilbod skal vere søkbare i 3 påfølgande skoleår. Dersom det ved tredje forsøk ikkje lukkast å etablere tilbodet blir det tatt ut av tilbodsstrukturen.

I sak UDK 45/22 vart det vedtatt å legge vg2 Treteknikk inn i tilbodsstrukturen 2023-2026 på Tingvoll vgs. og Ørsta vgs. Det var allereie eit tilbod på Romsdal vgs. Dette tilbodet har ikkje vorte starta sidan det ble tatt inn i tilbodsstrukturen og det har vore 1-2 primærspøkarar per år. Skolane som har tilbodet ønsker ikkje å ha tilbodet ved skolen sin. Tilbodet blir derfor tatt ut av tilbodsstrukturen frå 2025.

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag

For dei skolane som berre har éi vg1-klasse Helse- og oppvekstfag, er det foreslått å berre tilby eitt vg2-tilbod, Helsearbeidarfag. Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget vert då teke ut av tilbodsstrukturen for desse skolane. Sjå eige kapittel med vurderingar om dette.

Stranda vgs – Restaurant- og matfag

	2022	2023	2024
Vg1 Restaurant- og matfag	7	2	4
Vg2 Matproduksjon	1	6	1

*Primærspøkarar med ungdomsrett

Som det går fram av tabellen ovanfor, har det dei tre siste åra vore få søkarar til RM-tilboda ved Stranda vgs. Med så dårleg søking blir det ei sak frå år til år om tilbodet kan kome i gang eller ikkje. Dette er ikkje ein god situasjon verken for elevane som søker tilbodet, eller dei tilsette og det vil vere krevjande å etablere eit stabilt fagmiljø.

Utdanningsprogrammet er i tillegg tilgjengeleg på Sunnmøre ved Borgund vgs, Herøy vgs og Ørsta vgs, men programområdet Vg2 Matproduksjon, er det ikkje tilbod om ved nokon av dei andre skolane i fylket. Det ser heller ikkje ut til å vere eit stort behov for å rekruttere lærlingar frå dette faget, men dette må kartleggast betre gjennom høyringsperioden.

RM er det mest praktiske tilbodet skolen har og er difor eit godt alternativ for elevar med behov for større og mindre grad av tilpassing i opplæringstilbodet sitt.

Etter ei samla vurdering av lave søkartal og tilgjengelegheit elles i regionen vil det vere Kompetanse- og næringsdirektøren si innstilling at ein legg ned utdanningsprogrammet Restaurant- og matfag ved Stranda vgs.

Vedlegg

1. Skolevise tabellar 2025-2028
2. Søknader om nye tilbod